



Notat

Dato: 03.09.2015
Arkivsak: 2015/8891-2
Saksbehandlar: talhals

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Antall småkraftverk - realisert av dei som har fått konsesjon

I møteprotokollen frå fylkesutvalet 27. august 2015 er det under Ymse teke inn følgjande:

*I samband med PS 217 og 218/15 tok **Sveinung Valle** opp spørsmål knytt til småkraftverk, m.a. kor mange som er realisert av dei som har fått konsesjon.*

Etter innføring av ordninga med grøne sertifikat har det vore ei stor auke i talet på konsesjonssaker. Lenge var utfordringa at NVE ikkje hadde nok kapasitet til å handsame søknadane. Dette er no endra. I dag er årsaka til at potensielle prosjekt vert utsett til lönseminda er låg. Kraftprisane er låge og er ikkje venta å stige i nærmeste framtid. I somme område er det òg ei utfordring at nettkapasiteten i det overliggende nettet er for liten, men dette er eit mindre problem i Hordaland.

I tidsrommet 1.1.2010 til 31.12.2014 fekk 47 småkraftverk i Hordaland konsesjon. Ved utgangen av andre kvartal i år var det ikkje starta bygging av 30 av desse. Ingen av dei 12 prosjekta som fekk konsesjon i 2014 hadde starta bygging, av desse var 3 til klagehandsaming hjå Olje- og energidepartementet.